

Kvart år vert det oppdaga nye kulturminne. Mange av desse spora har lagt skjult under torva i mange tusen år. Arkeologar har ei særskilt rolle når det kjem til å ta vare på og å formidle kunnskapen om fortida. Vi formidlar ny kunnskap i dei akademiske kanalane både nasjonalt og internasjonalt, så vel i tidsskrift som i media. Vel så viktig er det å skape interesse og spreie kunnskap om kulturminna lokalt og regionalt. Kvar og ein av desse unike spora i landskapet er nye puslebitar til fortida vår. For to år sidan vart det funne helleristningar utanfor Kirkenes. Utgravingane i området stadfesta at folk budde her allereie for meir enn 9000 år sidan. Her levde dei av jakt, fangst og fiske. I samband med slike funn er det sentralt å formidle kvifor me tar vare på fortida, kvifor me dokumenterar kulturminnet og kvifor arkeologane er der.

Denne gongen skal me fortelja den eldste historia om Gamnes over to dagar. Me fraktar alt ut i båt. Me har kjøpt inn 16 lammelår som skal lagast i kokegrop, 10 kg selkjøt og 10 kg kvalkjøt som skal etast rått eller kortsteikt etter ein tur på steinane ved bålet. I løpet av 6 timar skal 120 skuleelevar få ein smak av arkeologi og steinalder. Ei tidsreise mange tusen år attende. Ungane kjem i båt, nyskjerrige og kunnskapshungrige. Dei fyrste som kjem vert satt til å grave kokegrop, ei gruppe vert fortalt om steinalderen ved buplassane og ei anna stoggar ved helleristningane. Her skal figurane «lokkast» ut av berget og fortelja historier om livet i steinalderen. Nokre er gått for å skyte med pil og boge, medan andre får lage sine eigne flintknivar. Steinreiskapa er sylskarpe, men i det moderne HMS-regimet er vi utstyrt med vernebriller og kuttsikre hanskar. Bålet i gropa har brent ned og steinen ligg i glørne. Vi legg ned lammelåra og dekkar dei med torv. Sel og kvalkjøtt vert skore opp med flintknivane. Nokre et sel og kvalkjøttet rått for å tømme seg. Etter to timar vert gropene opna og det møraste kjøt ein kan tenke seg fell frå beina i det dei vert løfta ut av kokegropa. Ungane har gløymt papptallerknar og bestikk. Kjøttet vert ete med hendene. Kjøttet er varmt, men altfor godt til å vente. To dagar seinare er eg i Baku i Azerbadjan og tankane går til opplevingane i fjæra i Finnmark. Eg skal halde vitskapleg foredrag for Ministry of Culture and Tourism under 50-årsjubileet til Gobustan nasjonalpark. Det er dei UNESCO-freda helleristningane som er grunnen til at eg er invitert. Desse dagane inneheld kanskje den største kontrasten i formidling og FoU arbeid eg har hatt på så kort tid, men eg sit att med opplevingar for livet både frå fjæra i Finnmark og frå storbyen Baku. «Eg skal bli arkeolog» hørde eg då tidsreisa var over for denne gongen. Om dei ikkje vert arkeologar har me gitt dei eit innblikk i livet for mange tusen år sidan og kanskje forskargløden er tent. Me har synt dei at det er artig å forske og å formidle.

Å ta skuleklassar tilbake til steinalderen, å syne dei kva som har skjedd før og synleggjere kva som skjer i dag er eit viktig samfunnsansvar. I tillegg til å relatere kunnskapen vår til kva som kan skje i framtida. Gjennom ulik formidling skapar me eit vindauga inn til verda for 7000 år sidan med forskning frå arkeologi, geologi, geografi religion og etnografi. Nokre av endringane landskapet i dag kan sjå spor etter i liknande hendingar for mange tusen år sidan. Alle hugsar tsunamien i romjula 2004 da havbølgljene skylte inn over land. Storeggja tsunamien for om lag 8200 år sidan gjorde det same da havet slukte buplassane langs kysten vår. Litt seinare steig temperaturen og den varme perioden gjorde at havet steig. Buplassar vart oversvømde. For 7000 år sidan var strandsonen langt frå konstant og me finn spor i landskapet som strandvollar der kampen mellom landhevinga etter istida og isavsmeltinga. Ein måtte forhandle med naturkreftene, medan ein gjennom fleire tusen år hadde fått meir land under landhevinga gjorde isavsmeltinga no at havet tok landet tilbake. Mange av helleristningane som vart laga i strandsona vart liggande under vatn, sakte dekkja av marin strandgrus når havet steig. Ein markant auke i helleristningar som vart laga i perioden kring

tapestransgresjonen syner truleg forhandlinga med naturkreftene. Nye historier i berg måtte huggast inn i svaberget og på lausblokker i strandsonen etter kvart som havnivået endra seg. .

I Alta i Finnmark laga folk i steinalderen dei mest fantastiske kunstverk – historier omhyggeleg huggeinn i berget. Her finst meir enn 7000 helleristningar laga for mellom 7000 og 2000 år sidan. Ein sentral hjelpevitenskap i dateringane av helleristningane er kunnskapen om fortidige strandlinjer frå geologien. Denne vert nytta til å få ein maksimumsdatering av helleristningane. Helleristningane i Alta er unike og har sidan 1985 vore innskriver på UNESCO si verdsarvliste over kulturminner. Helleristningane inneheld nokre av dei mest narrative avbildingar i heile verda med mellom anna bjørnejakt, elgjakt, kvalfangst, kveitefiske, reinjakt, og selfangst. Helleristningane gir oss eit visuelt bilete av «livet i steinalderen». I løpet av dei seinare åra syner ny forskning at ein tek i bruk naturelement i berget som ein del av historiene i berg. Kanskje låg historia allereie i berget før helleristningane vart omvite plassert akkurat der dei er i relasjon til andre figurar og naturelement i berget. Små vatndammar trer fram som innsjøar, rennande vatn blir elvar og dei topografiske endringane vert dalar og hødgedrag. Helleristningane er omvite plassert der samspelet dannar små mikrolandskap i samspel med naturelementa. Ved å ta i bruk informasjon frå etnografiske kjelder og geografi trer dei store helleristningsfelt fram som kart over landskapet representert ved geografiske referansar. I steinalderen visste dei kvar bjørnehia var, dei viste kvar reinsdyrsgjerda låg i innlandet, kveitevada var kjent og båtane refererar til fjorden eller havet. Ved å studere den interne plasseringa til helleristningane og jamføre dette med landskapet i regionen framtrer nokre av desse helleristningsfelt som kart - forteljingar om landskapet dei budde i for om lag 6000 til 7000 år sidan. Relasjonane mellom helleristningane i samspel med naturelementa opptre som steinalderens Google Maps der berget eller minnebanken inneheld geografiske referansar og geografisk informasjon med informasjon om «livet i steinalderen». Informasjon frå fagdisiplinane arkeologi, geologi, geografi, religion og etnografi vert nytta for å kome nærare ei betre tolking av desse historiane i berg.

Gjennom å formidle dei lange linjene frå istida til i dag nyttar arkeologien mange hjelpe disiplinær. Å syne samspelet mellom ulike fagdisiplinær i formidlinga av den gode historia syner at arkeologi og forskning er meir kompleks enn det dei fleste har oppfatning av. Me syner dei lange linjene i endringane i landskapet gjennom tid og synleggjer korleis landskapet endra seg dramatisk for mange tusen år sidan. Nokre av dei speglar dagens endringar der klimaendringar kjem til syne ved varmare tidsperiodar. Desse endringane har hatt konsekvensar for dyr og vegetasjon som truleg hadde store konsekvensar for demografien i steinalderen. Kvar skal du bygge og kvar skal du bu er kunnskap me tar lærdom av i dag og konsekvensar me kan sjå i landskapet i dag. På denne måten formidlar me korleis me kan dra nytte av kunnskap om fortida inn i framtida. Konsekvensane om isen smeltar i dag vert gjerne større enn då isen smelta og havet steig i steinalderen.

Sentralt i vårt virke ligg det å gi tilbake avkastninga av det privilegiet det er å få forske – å få lov til å formidle vår kunnskap til publikum for å synleggjere kvifor me er der. Samfunnsbidraget som resulterer i nye funn, ny kunnskap, ny forskning og nye forskarar. Da er det vel så viktig å tenne gløden ved å spise rått selkjøtt med skuleelevar som å halde foredrag ved internasjonale konferansar. Det er artig å formidle og det er artig å være forskar!